



Arkivnr: 2017/1892-31

Saksbehandlar: Charlotte Espeland

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval for kultur, idrett og regional utvikling

15.11.2017

### **Justering av dagsatsar i kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen**

#### **Samandrag**

Hordaland fylkeskommune nyttar rammeavtale for oppdrag i Den kulturelle skolesekken i arbeidet med kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen. Rameavtalen omfattar mellom anna løn/honorar, omfang og forsikring.

I skriv frå KS publisert 14. september 2017 vert fylkeskommunane oppmoda om å justere satsane opp med 4,9%. Fylkeskommunane har innleia samarbeidsprosess med Kommunenes sentralforbund (KS) med intensjon om at KS kan forhandle samla på vegne av fylkeskommunar om framtidige vilkår og satsar i Den kulturelle skolesekken. Avklaring mellom KS og fylkeskommunane vil ta noko tid, og i påvente av dette rår dei fylkeskommunane til å oppjustere satsane.

**Økonomi:** Hordaland fylkeskommune får tildelt spelemidlar frå Kulturtanken til kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen. Auke av satsar vert tatt av desse.

**Klima:** Saka vil ikkje bety noko for klima.

**Folkehelse:** Kultur bidreg til betre folkehelse, men saka i seg sjølve vil ikkje bety noko for dette.

**Regional planstrategi:** Kunst- og kulturformidling i skulen er del av Hordaland fylkeskommune sin regionale kulturplan.

**Forslag til vedtak**

1.	Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek å oppjustere dagsatsane for utøvarar som turnerer i Hordaland i samband med kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen med 4,9%.
2.	Ny dagsats for lønsmottakarar: kr 3035,-. Ny dagsats for sjølvstendig næringsdrivande: kr 3899,- Timesats for avtalt førearbeid for lønsmottakarar: kr 463,- Timesats for avtalt førearbeid for sjølvstendig næringsdrivande: kr 594,-
3.	I påvente av ferdigstilt prosess der KS forhandlar samla for fylkeskommunane, får fylkesrådmannen fullmakt til å justere satsar i samsvar med ordinær løns- og prisstigning.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør, kultur, idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Vedlegg**

- 1 Rammeavtale for lønsmottakarar - Gamle satsar
- 2 Rammeavtale for sjølvstendig næringsdrivande - Gamle satsar

**Fylkesrådmannen, 26.10.2017**

Fylkeskultursjefskollegiet og eit breitt samansett kunstnarnettverk konkluderte i 2012 om ein rammeavtale for oppdrag i Den kulturelle skolesekken. Same år vedtok Kultur- og ressursutvalet at rammeavtalen skulle leggast til grunn for Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med kunst- og kulturformidlinga til born og unge i fylket. I starten av 2015 forhandla Akershus fylkeskommune og kunstnarnettverket fram ny rammeavtale for Akershus, med små endringar og justerte satsar. Hordaland fylkeskommune vedtok i 2015 at denne vart tilpassa og implementert i Hordaland. Rameavtalen omfattar mellom anna løn/honorar, omfang og forsikring.

I skriv frå KS publisert 14. september 2017 vert fylkeskommunane oppmoda om å justere satsane opp med 4,9%. Fylkeskommunane samarbeider med KS om ein prosess som skal leie mot at KS kan forhandle samla på vegne av fylkeskommunar om framtidige vilkår og satsar i Den kulturelle skolesekken. Avklaring mellom KS og fylkeskommunane vil ta noko tid, og i påvente av dette rår dei fylkeskommunane til å oppjustere satsane. (Sjå <http://www.ks.no/fagområder/Arbeidsgiver/lønn-og-tariff/honorarsatser-i-den-kulturelle-skolesekken/>)

Hordaland fylkeskommune oppjusterte satsane i 2016, på line med andre fylkeskommunar. Ein auke på 4,9% vil då bety at dagsatsen for lønsmottakarar vert kr 3035,-, og for sjølvstendig næringsdrivande kr 3899,-. Timesats for avtalt førearbeid for lønsmottakarar vert kr 463,- og for sjølvstendig næringsdrivande kr 594,-

Alle utøvarar i Hordaland fylkeskommune sitt program for skuleåret 2017/2018 må ha like tilhøve, og likt grunnlag for berekning av løn/honorar. For å femne om heile skuleåret, må derfor nye satsar gjelde frå og med 1. august 2017. Utøvarar det alt er inngått avtale med, også dei som har gjennomført oppdraget, får justert løn/honorar som samsvarer med nye satsar. Dette gjeld ikkje utøvarar med særskilde avtalar.